



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
47/25	Formannskapet	08.04.2025
35/25	Kommunestyre	08.04.2025

Omstillingsplan 2025 - 2028

Samandrag:

Vanylven kommune står i ein vanskeleg økonomisk situasjon etter at rekneskapen vart levert til revisjon med kr 22,4 million i meirforbruk og dette fører til at kommune nå må inn i ein omstillingsprosess.

Administrasjonen har sidan 4. mars 2025 arbeida med den økonomiske utfordringa saman med mellomleiarane og hovudtillitsvalde og kommunedirektøren har med bakgrunn i dette arbeidet lagt fram ein omstillingsplan.

Kommunestyre 08.04.2025

Behandling:

Omstilling 2025, foreslått av Lena Landsverk Sande , Venstre

Kommunestyret ber administrasjonen om å sende omstillingsplanen til høyring blant tilsette og til kommunale organ, for innspel. Arbeidet med omstillingstiltak for 2025 kan iverksettast, med mål om at ein i løpet av 2025 kan få til driftsinnsparing på kr 8 625 000 samt eit nedtrekk på 27 årsverk.

Kommunedirektør Andreas Chr. Nørve orienterte og svarde på spørsmål.

Framlegg frå varaordførar Lena Landsverk Sande:

Saka vert utsett.

Votering over utsetjingsframlegget.

15 røyster mot utsetjingsframlegget (Sp, Frp, INP, H, Krf, Karen Birte Bjørlykke, V, Njål Sivertstøl, Ap)

5 røyster for utestjingsframlegget (Varaordførar Lena Landsverk Sande, V, Lena Drabløs Strand, V, Vidar Solheim, V, Caroline Juul, Ap, Lars Tore Bakkebø, Ap)

Det vart halde gruppemøte etter framlegg frå Vidar Soheim.

Etter gruppemøtet vart tilrådinga frå formannskapet sett opp mot framlegget frå varaordførar Lena Landsverk Sande.

Votering:

13 røyster for tilrådinga frå formannskapet (Sp, Frp, INP, H. Krf).

7 røyster for framlegget frå varaordførar Lena landsverk Sande (V, Ap)

KO - 35/25 Vedtak

Omstillingsplanen med tiltak for 2025 blir vedteke - dette tilsvarar driftsinnsparing på kr 8 625 000 samt eit nedtrekk på 27 årsverk.

Formannskapet 08.04.2025**Behandling:**

Omstilling, foreslått av Lena Landsverk Sande , Venstre

Tiltaka for 2025 i omstillingsplanen blir vedteke. Dette tilsvarar driftsinnsparing på kr 8 625 000 samt eit nedtrekk på 27 årsverk.

Kommunedirektør Andreas Chr. Nørve orienterte.

Kommunalsjef teknisk sektor Ronny Prozenko svarde på spørsmål.

Kommunalsjef helse- og omsorgssektor Karoline Lundås svarde på spørsmål.

Votering:

6 røyster for tilrådinga frå kommunedirektøren.

1 røyst for framlegget frå varaordførar Lena Landsverk Sande (Lena Landsverk Sande)

FO - 47/25 Vedtak**Formannskapet tilrår:**

Omstillingsplanen med tiltak for 2025 blir vedteke - dette tilsvarar driftsinnsparing på kr 8 625 000 samt eit nedtrekk på 27 årsverk.

Kommunedirektøren si tilråding:

Omstillingsplanen med tiltak for 2025 blir vedteke - dette tilsvarar driftsinnsparing på kr 8 625 000 samt eit nedtrekk på 27 årsverk.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 08.04.2025 - 47/25

Formannskapet tilrår:

Omstillingsplanen med tiltak for 2025 blir vedteke - dette tilsvarar driftsinnsparing på kr 8 625 000 samt eit nedtrekk på 27 årsverk.

Saksopplysningar:

Kommunedirektøren legg med dette fram ein administrativ omstillingsplan som inneber ein driftsreduksjon på til saman kr 27 millionar. Dette for å dekkje inn akkumulert meirforbruk frå 2024.

Måla med omstillingsplanen er at kommunen i 2025 kjem nærare økonomisk balanse. Vidare at kommunen frå 2028 har eit netto driftsresultat som er på minimum 1,75 %, ein gjeldsgrad tilsvarende landsgjennomsnittet samt ein trygg buffer på disposisjonsfondet.

Det er viktig at vi lukkast med dette omstillingsarbeidet. Dette er ikkje berre knytt til meirforbruket i 2024, men også fordi kommunen frå 2027 også får andre utfordringar. Utfordringane og tiltaka er skildra i Prosjektplanen for Vanylven 2027, som vart vedteken i [kommunestyret 17. juni 2024 i PS-61/24](#). Det er der skissert at kommunen vil få utfordringar på følgjande område – som også er i samsvar med KS sitt framtidsbilete «Norge 2040»:

- Sysselsetting – utfordringar og løysingar
- Demografi – endringane, organisasjonen og tenestene
- Utanforskap – talgrunnlaget til kommunen
- Økonomi – delegasjon, leiing og resultat
- Planlegging – plan, regulering og infrastruktur

Omstillingsarbeidet starta med forslag om generelle kutt på følgjande område:

Forslag - generelle innsparingar	2025	2026	2027	2028
Konsulentbistand - reduksjon	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Overtidsbruk	2 600 000	2 600 000	2 600 000	2 600 000
Bruk av vikarbyrå	1 300 000	1 300 000	1 300 000	1 300 000
Totalt generelle innsparingar	6 900 000	6 900 000	6 900 000	6 900 000

I omstillingsarbeidet så har det vore arbeidsmøte med kommunalsjefane, mellomleiarane og hovudtillitsvalde, der det har vore sett på ulike innsparingsforslag knytt til driftspostane:

Forslag – konkret forslag til innsparingar	2025	2026	2027	2028
Sektorleiarane teknisk og stab	450 000	4 300 000	8 600 000	8 600 000
Mellomleiarane	852 000	2 770 000	5 370 000	5 570 000
Hovudtillitsvalde og hovudverneombodet	450 000	6 400 000	6 400 000	6 400 000
Totalt frå sektorane og hovudtillitsvalde/HVO	1 752 000	13 470 000	20 370 000	20 570 000

Totalt så gir desse tiltaka følgjande innsparingstiltak på driftsbudsjettet:

Forslag - generelle innsparingar	2025	2026	2027	2028
Konkrete forslag til innsparing	1 725 000	13 470 000	20 370 000	20 570 000
Generelle innsparingar	6 900 000	6 900 000	6 900 000	6 900 000
Totalt frå sektorane/hovudtillitsvalde/HVO	8 625 000	20 370 000	27 270 000	27 4 70 000

Kommunedirektøren legg til grunn at vi må ha minst kr 27 million i innsparingstiltak for 2025 og vi må difor ta ned tal årsverk. Kommunedirektøren viser til at vi må starte med nedtrekk i stillingar i alle sektorane og på alle nivå.

Dersom vi legg til grunn gjennomsnittleg årsløn på kr 573 746 og med 24,7 % i sosiale utgifter (17,2 % i pensjon og deretter 6,4 % i arbeidsgivaravgift), vil dette utgjere kr 715 466 per årsverk. Med eit innsparingsbehov på ytterlegare kr 18 375 000, så må organisasjonen reduserast med 27 årsverk for å sikre innsparing på totalt kr 27 000 000, - medan vi i 2025 berre kan sikre ein halvårseffekt. Eit nedtrekk på 27 årsverk vil berre sikre balanse i drifta for 2026 og det vil vere behov for ytterlegare nedtrekk av årsverk framover.

Omstilling 2025-2028 (i årsverk)	2025	2026	2027	2028
10 Stab og fellestenestene	4	4	4	4
20 Kultur og oppvekst	10	10	10	10
30 Helse og omsorg	10	10	10	10
40 Teknisk	3	3	3	3
Samlet omstilling i årsverk	27	27	27	27

Kommunedirektøren vil då leggje til grunn innsparinga på kr 8 625 000 for 2025 og halvårsverknad for nedtrekk av 27 årsverk – som vil utgjere kr 9 658 791. Totalt vil denne innsparingspakke for 2025 utgjere kr 18 283 791. Kommunedirektøren vil i tillegg ta ned driftsnivået generelt samt ha stillingsstopp, slik at vi kan ta ned driftskostnadane ytterlegare for å redusere risikoen for eit eventuelt meirforbruk i 2025.

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren bed om at kommunestyret vedtek omstillingsplan med tiltaka for 2025.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: ingen kjende

Miljøkonsekvensar: ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: Omstillingsplanen vil gi eit redusert driftsnivå i 2026 på kr 27 million.

Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: ingen kjende

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør

